

Dykkar ref.
07/2228-1 MOP

Vår ref.
08/28-3/08/245//LTA

Dato:
Manger: 10.01.2008

**FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA OG FORVALTNINGSLOVA
OM ROLLEAVKLARHET M.V. I KOMMUNESEKTOREN - HØYRING**

Radøy formannskap handsama saka i møte 10. januar 2008, sak 006/08, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune vil koma med følgjande uttale til ovannemnde høyringsnotat:

1. Radøy kommune støttar framlegget til ny formulering i kommunelova § 1 om å tilretteleggja for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på høg etisk standard. Det er naturleg at etikk er tema i samband med årsrapporteringar.
2. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om å oppheva unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e om habilitet for leiarar og styremedlemer i offentleg eigde selskap.
3. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om at rådmann og rådmannen sin stedfortredar vert utelukka frå val i styret for kommunale selskap.
4. Radøy kommune er samd i at vedtak om å lukka dører og vedtak om habilitet skal kunna underleggjast særskild lovlegkontroll.
5. Radøy kommune er samd i at det vert fastsett reglar om at kommunestyret sjølv fastset godtgjering til styremedlemer i kommunale føretak, og at tilsvarande godtgjeringar i interkommunale selskap vert fastsett av representantskapet.
6. Radøy kommune støttar framlegget om endring av kommunelova sine suspensjonsbestemmingar av folkevalde.
7. Radøy kommune kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avgrensa valførleiken til ordførar og varaordførar under føresetnad av at unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e vert oppheva. Radøy kommune meiner at det må vera opp til kvar enkelt eigarorgan (kommunestyre, representantskap m.v.) å avgjera kva kompetanse eit styre skal ha.”

Utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Leif Taule
ass. rådmann

Vedlegg:

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	10.01.2008	006/08	LTA

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Leif Taule	Arkiv: K1-024, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 08/28
--	---	----------------------------

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA OG FORVALTNINGSLOVA OM ROLLEKLARHET M.V. I KOMMUNESEKTOREN - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.10.2007	Kommunal- og regionaldepartementet	Høyring - forslag til endringar i kommunelova og forvaltningslova om rolleklarhet m.v. i kommunesektoren

Vedlegg i saka: Samandrag frå høyringsnotatet

Saksutgreiing:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut høyringsnotat vedk. framlegg til endringar i kommunelova, forvaltningslova og forskrifter til kommunelova. Framlegga er ei oppfølging av rapporten "Regelverk for kommunesektoren i eit etisk perspektiv", frå mars 2007, om rolleklarhet m.v. i kommunesektoren. Endringsframlegga gjeld såleis temaet etikk i kommunesektoren. Frå innleiande del av rapporten kan ein peika på følgjande viktige forhold som danner utgangspunkt for større fokus på det etiske arbeidet:

- Etiske spørsmål i kommunesektoren må takast på alvor fordi det er viktig at ålmenta har tillit til at kommunane har høg etisk standard i verksemda si
- Svekka tillit vert ein trussel for lokaldemokratiet
- Kommunane må framstå som truverdige partnarar overfor frivillige organisasjonar og det private næringslivet
- Det må vera tillit til at kommunane følgjer viktige spelereglar mellom seg sjølv og dei leverandørane som vert nytta
- Stoltheit over arbeidsplassen er viktig. Svekka stoltheit kan øydeleggja for både motivasjon og framtidig rekruttering.

Departementet sine vurderingar og konkrete framlegg til endringar av lover og forskrifter som danner utgangspunktet for høyringssaka, kan oppsummerast slik:

- Framheving av etikkdimensjonen i kommunelova sin føremålsbestemming
- Kommunane skal rapportera i årsmeldinga både planlagte og gjennomførte tiltak som er sett i gong for å sikra høg etisk standard i verksemda
- Kommunen sin revisjon får rett til innsyn overfor kommunen sine private avtalepartnarar på lik linje med kommunen sjølv

- Unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e, vert oppheva. Framlegget fører til at dagleg leiar og styremedlemer vert inhabile når saker som gjeld selskapet skal handsamast i folkevalde organ, sjølv om selskapet er eigd 100 % av stat eller kommune.
- Det vert bede om synspunkt på om det bør avgrensingar i valfôrleik for ordfôrar og varaordfôrar til styre for kommunale selskap.
- Rådmann og rådmannen sin stedfortredar vert utelukka frå val i styret for kommunale selskap.
- Vedtak om å lukka møte og vedtak om habilitet skal kunna underleggjast særskild lovlegkontroll (jf. kommunelova § 59). I vedtaka skal det protokollrast heimelsgrunnen som vedtaka byggjer på.
- Godtgjering til styremedlemer i kommunale føretak skal fastsetjast av kommunestyret og at tilsvarande godtgjeringar i interkommunale selskap vert fatta av representantskapet.
- I kommunale føretak og interkommunale selskap skal ytingar og lån til leiande tilsette og medlemer av styret visast som note i rekneskapet.
- Kommunelova sine suspensjonsbestemmingar av folkevalde vert endra slik at suspensjon kan gjennomførast også ved ulike former for fusk og uregelmessigheter i samband med val.

Rådmannen meiner at dei føreslåtte endringane av ulike lov- og forskriftbestemmingar, jf. ovannemnde kulepunkt, vil verka positivt i arbeidet for å skapa høgare etisk standard innan kommunesektoren med tilhøyrande verksemdar.

I spørsmålet om avgrensingar i valfôrleik for ordfôrar og varaordfôrar, som det berre vert ynskt synspunkt på, er rådmannen av den oppfatning at dette er noko politikrane må koma med synspunkt på. Konsekvensane av ei slik avgrensing vil vera at ordfôrar og varaordfôrar ikkje lenger kan sitja i styret for interkommunale selskap og kommunale aksjeselskap. Departementet har uttala at ei oppheving av unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e, vil føra til at personar med rollekonfliktar i større grad vil måtte fråtre som inhabile, noko som reduserer behovet for å utelukka dei same personane gjennom avgrensingar i valfôrleik.

I enkelte tilfelle vert selskap oppretta som reiskap for å oppnå samfunnsmessige føremål, og nettopp for å visa kor viktig ein ser dette, vert ofte den øvste politiske leiinga vald som representant i selskapet sine styrande organ. Dette vil ei eventuell avgrensing i valfôrleik vanskeleggjera, og det lokalpolitiske handlingsrommet vert dermed innsnevra.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Radøy kommune støttar framlegget til ny formulering i kommunelova § 1 om å tilretteleggja for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på høg etisk standard. Det er naturleg at etikk er tema i samband med årsrapporteringar.
2. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om å oppheva unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e om habilitet for leiarar og styremedlemer i offentleg eigde selskap.
3. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om at rådmann og rådmannen sin stedfortredar vert utelukka frå val i styret for kommunale selskap.
4. Radøy kommune er samd i at vedtak om å lukka dører og vedtak om habilitet skal kunna underleggjast særskild lovlegkontroll.
5. Radøy kommune er samd i at det vert fastsett reglar om at kommunestyret sjølv fastset godtgjering til styremedlemer i kommunale føretak, og at tilsvarande godtgjeringar i interkommunale selskap vert fastsett av representantskapet.
6. Radøy kommune støttar framlegget om endring av kommunelova sine suspensjonsbestemmingar av folkevalde.
7. I spørsmålet om avgrensingar i valfôrleik for ordfôrar og varaordfôrar i kommunale selskap meiner formannskapet at

10.01.2008 FORMANNSKAPET

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Når det gjeld pkt. 7, vart det samrøystes vedtatt følgjande:

Radøy kommune kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avgrensa valfôrleiken til ordførar og varaordførar under føresetnad av at unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e vert oppheva. Radøy kommune meiner at det må vera opp til kvar enkelt eigarorgan (kommunestyre, representantskap m.v.) å avgjera kva kompetanse eit styre skal ha.

FS-006/08 VEDTAK:

Radøy kommune vil koma med følgjande uttale til ovannemnde høyringsnotat:

1. Radøy kommune støttar framlegget til ny formulering i kommunelova § 1 om å tilretteleggja for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på høg etisk standard. Det er naturleg at etikk er tema i samband med årsrapporteringar.
2. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om å oppheva unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e om habilitet for leiarar og styremedlemer i offentleg eigde selskap.
3. Radøy kommune sluttar seg til framlegget om at rådmann og rådmannen sin stedfortredar vert utelukka frå val i styret for kommunale selskap.
4. Radøy kommune er samd i at vedtak om å lukka dører og vedtak om habilitet skal kunna underleggjast særskild lovlegkontroll.
5. Radøy kommune er samd i at det vert fastsett reglar om at kommunestyret sjølv fastset godtgjering til styremedlemer i kommunale føretak, og at tilsvarande godtgjeringar i interkommunale selskap vert fastsett av representantskapet.
6. Radøy kommune støttar framlegget om endring av kommunelova sine suspensjonsbestemmingar av folkevalde.
7. Radøy kommune kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avgrensa valfôrleiken til ordførar og varaordførar under føresetnad av at unntaket i forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e vert oppheva. Radøy kommune meiner at det må vera opp til kvar enkelt eigarorgan (kommunestyre, representantskap m.v.) å avgjera kva kompetanse eit styre skal ha.